




Her skal Røysterett for alle syngja søndag

Koret Røysterett for alle har eit svært smigrande oppdrag klokka 14 søndag. Då har kvinnheringane minikonsert i Haugesunds rosa rådhus som i 2010 vart kåra til det finaste i landet.

Konserten når høgdepunktet med urframføring av songen om røysteretten som 2 i koret har skreve og laga melodi til - Svein Rimestad og Maria Malmsten. Og konserten inngår i det årlege haustarrangement ope rådhus som i år i stor grad handlar om røysteretten for kvinner. Det vert avvikla i helga som ligg så nær 1. oktober som mogeleg - datoen då huset vart innvigd.



Tekstforfatter Svein Rimestad frå Uskedalen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Koret nyttar også høvet til å avvikla ein fast post på programmet sitt - eit haustleg seminar - men det går føre seg på Saga Maritim laurdag og sundag.

Songoppdraget kom frå rådhusforvaltar Inge Lønning etter at rådhusleiinga hadde høyrte om koret med det spesielle namnet. Og koret var ikkje snauare enn å tilby ein spesialskriven song som Svein opnar slik:

**Ei røyst har mykje ved seg og
mangt kan ho få sagt
Går du til urna då har og gjev ho makt. Er
rette røyster samla kan utgangen bli stor
både ved valet og for eit blanda kor**

Konsertarenaen som altså er rådhuset er også verd ei strofe: Skipsreder Knut Knutsen og hustru Elisabeth gav i 1921 ein million kroner til prosjektet og ei arkitekttevling vart vunne av Blakstad og Munthe-Kaas. Dei teikna eit hus i elegant nyklassisistisk stil og i 1931 var det fullført. Det har vore freda sidan 1993.. Etter Knutsens død gav enka ein ny million til utsmykking inne og ute.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen